

KULTURDEPARTEMENTET
Postboks 8030 DEP
0030 OSLODato: 21.11.2017
Vår ref.: 2017/736-54
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Konkretisering av føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - skilting og merking av turløyper

Når Turskiltprosjektet etter mange års verksemd no nærmar seg slutten, er det svært gledeleg at høve til å halde fram det gode arbeidet med skilting og merking av turruter i heile Norge vert ivareteke gjennom spelemiddelordninga til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Mange ulike aktørar har stått på ovanfor Kulturdepartementet for å få til dette, og Hordaland fylkeskommune set pris på at departementet fekk det til så raskt.

Turskiltprosjektet starta opp med eit samarbeid mellom dei fire vestlandsfylka og Gjensidigestiftelsen i 2010, og resten av fylka vart suksessivt med inntil alle vart deltakande i 2016. Totalt er det skilta og merka for over 110 millionar kroner, etter at siste tildeling vart gjennomført i 2017.

I løpet av desse åra har tusenvis av frivillige organisasjonar og kommunar synleggjort over 30 000 km turruter på land og ved vatn. Store delar av friluftslivs-Noreg har vore med, og saman har vi kome fram til ein standard for korleis skilta bør sjå ut, kva informasjon som bør vere med og korleis turrutene vert synleggjort for allmenta. Dette blir implementert i merkehandboka er for tida under revidering, og alle skiltstandarar frå prosjektet vert ein del av Merkehandboka frå 2018.

Når eit så stort arbeid er lagt ned for å kome fram til ein standard, og så mange aktørar står bak, er det essensielt at desse standardane vidareførast gjennom tildeling av spelemidlar til skilting og merking.

Difor rettar no ei rekkje av fylkeskommunane ein førespurnad til Kulturdepartementet om at føresegnene for spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet vert konkretisert, slik at dei gode erfaringane og standardane frå Turskiltprosjektet og Merkehandboka sikrar at også framtidige skiltprosjekt vert gjennomført etter ein felles standard.

Hordaland fylkeskommune har følgjande innspel:

1. Om friluftslivsanlegg på side 47 og 51 i føresegnene vert det skildra mål og eigenskapar ved turvegar, stiar og løyper for at desse tiltaka skal kunne få støtte, m.a. minimumsmål på 1 km og 500 meter. For turstiar i ordinær ordning er støtte til skilting/merking presisert i eit eige punkt. Det bør det også vere i ordninga for nærmiljøanlegg.

2. Minstekostnader. Mange av prosjekta som har fått støtte i Turskiltprosjektet har ein lågare totalkostnad enn 50 000 kr., men er likevel av stor aktivitetsskapande verdi. Skilting og merking av ein eller fleire turruter på eksisterande ferdslesårer treng ikkje vere så kostbart. Difor vil det vere fordelaktig om denne posten får ein lågare minstekostnad, t.d. 10 000 kroner. Konsekvensen av ein minstekostnad på 50 000 kroner er at mange gode prosjekt fell utanfor ordninga.

3. Skiltstandarden finn ein på nettsida turskiltprosjektet.no. Ein av dei viktigaste grunnane til at det vart laga standarar var for å rydde opp i skiltjungelen som mange stedar møter brukarane. Lik skilting er ryddigare, brukarane kan forvente kva informasjon dei skal finne og det vert skapt ei gjenkjenning over heile landet.

For å sikre at standarane lev vidare oppmodar vi Kulturdepartementet å krevje at manualen i Turskiltprosjektet skal følgjast ved tildelingar i 2018, og at Merkehandboka skal følgjast frå 2019.

4. Turruter på vatn. I Hordaland er det i fleire kommunar merka og gradert turløyper knytt til vatn både for roing og padling. Det vil også framover ver behov for tilskot til dette arbeidet, og såleis bør dette bli presisert i føresegnene.

5. Tilskot til løypetiltak i fjellet og overnattingshytter. Frå denne ordninga kan foreiningar få støtte til løypearbeid, mellom anna skilting og merking. Den Norske Turistforening har vore involvert i arbeidet med standardane i Turskiltprosjektet og er medansvarlege for revideringa av Merkehandboka. For å sikre at all skilting som vert støtta av spelemidlar bør krava i punkt 4 over også gjelde løypetiltak i fjellet og overnattingshytter.

6. Innmelding til Kartverket. Søkarar som får støtte til turkart, jfr. side 48 i føresegnene, vert det oppmoda til å melde inn alle løyper til rettikartet.no. Denne setninga bør endrast frå «oppmoding» til «krav», og også leggst til skilting/merking og tilskot til løypetiltak i fjellet og overnattingshytter.

Gjensidigestiftelsen, friluftsråd, organisasjonar, kartverket og andre offentlege aktørar har dei siste åra retta mykje innsats mot å få turruter meldt inn til Kartverket. Eit offentleg oppdatert kartgrunnlag for utandørs aktivitet er eit viktig verktøy for offentleg forvaltning, og for alle som treng informasjon til presentasjon av turruter på kart og digitale tenester.

Hordaland fylkeskommune håpar Kulturdepartementet kan kome desse innspela i møte, slik at dei gode prosedyrane for denne typen tilrettelegging kan vidareførast på ein best mogleg måte.

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjefr

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.